

FRÆNA KOMMUNE - RÅDMANNSKONTORET

6440 ELNESVÅGEN
TELEFON 71 26 81 00
TELEFAX 71 26 81 99

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvern- og forvaltningsavdelinga
Fylkeshuset
6400 MOLDE

DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING	
16.07.1997	SAK NR. 92/7174-1
KODE 343.2 V107.6Z	BEH. HH

te HH 21/8-9.

Dykkar ref.

Vår ref.
KK/K54/K41/28.97

Dato
14.07.97

VEDR. BESTANDEN AV FLODPERLEMUSLINGAR I HUSTADVASSDRAGET

Eg syner til telefonsamtale med seksjonsleiar Trond Haukebø torsdag 10. d.m. vedrørende vassføringa i Støttelva, som er elvestrekninga mellom Langvatnet og Frelsvatnet, i forbindelse med at miljøvern- og forvaltningsavdelinga var orientert om at Langvatnet var tappa ned mot terskelnivå. Miljøvernleiareren var på synfaring ved utløpet av Langvatnet morgonen etter, fredag 11. d.m.

Som kjent er vassinntaket til industrien på Eidem, det som før låg i Skjelbreia, no flytta til Langvatnet, som er eit mykje større magasin. Vassuttaket frå Hustadvassdraget skjer etter konsesjon frå NVE til Fræna kommune. Vatnet nyttast i hovudsak til industrivatn for industrien på Eidem, som kjølevatn til Tine meierier AL, avd. Elnesvågen, og som prosessvatn til Hustadmarmor AS. Torsdag 10. d.m. hadde teknisk sjef Einar Eidem ved Hustadmarmor AS vore på staden saman med kultursjef Harry Hestad, som har vore kommunen sin sakshandsamar på vassuttaket, og landbruksteknikar Niels Christian Langset, og sett opp ei pumpe som pumpar vatn frå Langvatnet og over terskelen, for at Støttelva ikkje skal gå tørr. Dette er den same løysinga som vart brukt i Skjelbreia tidlegare, for å halde Prestelva med vatn i tørketider. Normal vassføring er imidlertid større i Støttelva enn i Prestelva. Behovet for minstevassføring er også større.

No var det såvidt miljøvernleiareren kunne sjå, den same pumpa som tidlegare hadde vore nytta ved Skjelbreia, som var i bruk ved Langvatnet. Enno rann det vatn over terskelen, men sjølv med tilskot frå pumpinga, hadde eg ikkje problem med å gå tørrskodd over elva mellom terskelen og den gamle brua. Først da eg kom attende frå synfaringa og orienterte kollegene på kontoret om situasjonen, fekk vite at kultursjefen hadde vore på synfaring dagen før, og at pumpa hadde vore sett opp da.

I fjor var eg ikkje på denne plassen og bada på grunn av veret, men både for to år sidan og året før var eg mykje her saman med familien. Eg la da merke til ein tett bestand med flodperlemusling, *Margaritifera margaritifera*, frå ovom terskelen og nedover elva. Desse var det no ikkje mykje att av. Eg fann ingen levande muslingar, men eg fann 5 - 6 tomme skal. Dei fleste av dei tomme skala hengde enno saman i ligamentet, og to av dei inneheld restar av lukkemuskel, medan resten av bløtdelane var vekk. Dette kan tyde på at skjela har vore levande til fram til for to - tre månader sidan.

Flodperlemuslingen er ein truga art i Noreg, og det er urovekkande at han vert borte frå plassar kor han tidlegare har vore veletablert. Det kan vere grunn til å vurdere eit overvakingsprogram for denne arten i Hustadvassdraget.

Utløpet av Frelsvatnet er kjent for sin tette bestand av flodperlemusling, som er mellom dei rikaste i landet. Men ein skal ikkje mange hundre meter nedanfor utløpet av Frelsvatnet før muslingane vert borte. I dette området har ein fleire gonger hatt problem med lekkasje av silosaft. Ein god gytebestand av flodperlemuslingar både i Støttelva og i Hustadelva bør vere eit mål. Såleis kan ein god gytebestand på den eine plassen også gje rekruttering på den andre plassen, slik at ein vonarleg kan hindre at flodperlemuslingen vert borte frå Hustadvassdraget. Det er kjent at flodperlemuslingen har larver som er korttids ektoparasitter hos fisk, slik at dei ved hjelp av fisken kan spre seg oppover i vassdraget.

Når det gjeld vassuttaket frå Langvatnet, finn miljøvernleiaren grunn til å presisere at dette, såvidt han har brakt i røynsle, skjer i samsvar med gjeldande konsesjonsvilkår frå NVE, slik at det ikkje tør vere grunn til å rette kritikk mot Hustadmarmor AS for den situasjonen som er oppstått.

Med venleg helsing


Knut Kvalvågnes
miljøvernleiar

Kopi: Direktoratet for Naturforvaltning
Tungasletta 2
7005 Trondheim

Norges vassdrags- og energiverk
Region vest
Fjellveien 9
6800 Førde

Hustadmarmor AS
6440 Elnesvågen

FRÆNA KOMMUNE - RÅDMANNSKONTORET

6440 ELNESVÅGEN
TELEFON 71 26 81 00
TELEFAX 71 26 81 99

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvern avdelinga
6400 MOLDE

DIREKTORATET FOR NATURFORVALTNING	
SAK NR.	
14.08.1997/	97/7174-2 (HH)
KODE	BEH.
363.2/	HH
107.62	

Dykkar ref.

Vår ref.
KK/K54/K41/31.97

Dato
11.08.97

Te HH 21/8-9


VEDR. BESTANDEN AV FLODPERLEMUSLINGAR I HUSTADVASSDRAGET II

Eg syner til tidlegare kontakt med seksjonsleiar Trond Haukebø i høve vassføringa i Støttelva, samt til mitt brev dagsett 14.07.97, kor eg uttrykker uro over at elvemuslingen, eller flodperlemuslingen *Margaritifera margaritifera*, ikkje lenger var å finne levande ved utløpet av vatnet, kor han tidlegare var tallrik. Nokon detaljert kartlegging av kor muslingen framleis er å finne, vart ikkje gjort ved synfaringa fredag 11.07.97.

På bakgrunn av den oppmerksomheita som har vore kring denne saka, gav rådmannen Fræna landbrukskontor i ferien i oppdrag å gjere ei meir detaljert synfaring i vassdraget med vekt på å kartleggje kor ein framleis finn muslingar. Det er rådmannen sitt ønskje at denne rapporten vert oversendt til Fylkesmannen som eit supplerande tillegg til min innleiande rapport. Rapporten frå landbrukskontoret, dagsett 24.07.97, er lagt ved dette brevet.

Eg har sjølv vore på staden i dag, og kan berre stadfeste rapporten frå landbrukskontoret. Dette endrer imidlertid ikkje noko i min synfarringsrapport av 14.07.97, som peiker på at muslingene har vorte borte ved utløpet av Langvatnet.

Med venleg helsing


Knut Kvalvågnes
miljøvernleiar

Vedlegg

Kopi: Direktoratet for naturforvaltning

Norges vassdrags- og energiverk, Region vest

Fræna landbrukskontor, her